

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.03.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune legg vekt på at forholdet mellom etaten og regionalt ledd må pregast av tillit og ansvar, med stor grad av regionalt sjølvstyre.
2. Den nye nasjonale etaten må ta omsyn til den særlege rolla Hordaland har som ein av dei sterkaste kulturregionane i Noreg.
3. Ein ny nasjonal etat må syte for at elevar i byar og eit vidare omland i størst mogleg grad får eit likt tilbod. Omfang og konsekvensar av eit eige storbyopplegg og ordninga med 100 % kommunar må vurderast nøye.
4. Ein ny nasjonal etat må bidra til at Hordaland får presentere breidda og mangfaldet av kunstnarar som har sitt virke i dette fylket.
5. Ein ny nasjonal etat må vere eit organ som kan utvikle verdien av dei estetiske faga i skulen.
6. Ein ny nasjonal etat må arbeide fram ein felles honorarpolitikk i samarbeid med kunstnarorganisasjonane.
7. Ein ny nasjonal etat må forenkle kompliserte rapporteringssystem.
8. Ein ny nasjonal etat må vere eit ressurs- og kompetansesenter for produsentar og koordinatorar i fylkeskommunane, og syte for lik tilgang på ressursar på landsbasis.
9. Ein ny nasjonal etat må ha fokus på kvalitet og kvalitetsutvikling i tett samarbeid med fylkeskommunane og skulesektoren.
10. Ein ny nasjonal etat må løyse opp grenser mellom kunstuttrykka, men også ivareta det einskilde uttrykket sin eigenart.
11. Ein ny nasjonal etat må styrke samspelet mellom skule- og kultursektor.